

Eigen søknad om dispensasjon for tiltak i strandsone/sjø på GBNR 215/68 i Alver kommune vedkomande arealformålet for sjø fiske/gyteplass.

Bakgrunnsinformasjon:

Det er gitt løyve (dispensasjon) til riving og oppføring av ny fritidsbustad. **Ref. SAK nr 948/20.** Denne innebær framlegg av ny vassleidning via sjø og utskifting av gammal septik til minireinseanlegg.

Ny søknad omfattar:

Rehabilitering/ vedlikehald av kaifront samt sikring av kai og mindre utviding av denne. Den gamle kaien er ustabil og prega av lite/ inkje vedlikehald. Trase for nytt VA er naturleg å føre langs den gamle utsleppsleidningen og det er i denne samanheng praktisk å rydde opp i fjæra der nye leidningar kjem inn. (sjå vedlagte bilete.) For at det skal verte ein heilskap i kaifront søker vi også om forlenging av kai mot aust. Dette fører til at ei smal grunne vert fylt med sprengstein.

Forhold tiltakshavar meiner må tilleggjast vekt i vurdering av tiltaket:

Tiltaket er ikkje synleg frå skipsleia inn i Osterfjorden og har kun avgrensa innsyn frå sørvest. Området er ei heller vist som som kartlagt friluftsområde på Miljødirektoratet sitt friluftskart og er difor vurdert til å ha lite å sei for ålmenta. Vi kan ikkje sjå at dispensasjon for tiltaket vil ha negativ påverknad for natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap eller ålmenne interesser så som omsynssona for fiske og gyteplass. Ei heller at tilgjenge til sjø vert redusert.

Tiltaket er etter vårt syn ikkje i konflikt med krav til vurdering av flaum/ stormflo og endringar i havnivå.

Tiltaket vert ikkje nabovarsla på same grunnlag som søknad om dispensasjon i sak 948/20.

Mvh.
Helge Sandvik